



Arkivnr: 2017/2247-4

Saksbehandlar: Ingvar Skeie

Delegert saksframlegg

Fylkesrådmannen etter fullmakt

Stordalstunnelen - refinansiering av bompengelån

Samandrag

Eit sertifikatlån på 175 mill. kr som er teke opp for å finansiere bompengeprojektet Stordalstunnelen, har forfall 25.09.2017.

Siste året har fylkeskommunen hatt avtale med DNB om at banken fornyar lånet ved kvart forfall (kvar 3. månad). Denne «rulleringsavtalen» går ut ved dette forfallet. Fylkesrådmannen vil inngå tilsvarende avtale for ein ny periode på inntil 1 år.

Ein kan denne gongen betale eit avdrag på 15 mill. kr, slik at lånet vert redusert til 160 mill. kr.

Vedtak

Det vert inngått avtale med DNB om rulling av eit 3-månaders sertifikatlån på 160 mill. kr over ein periode på 1 år.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 18.08.2017

Hordaland fylkeskommune er bompengeselskap for Stordalstunnelen på E134. Det er teke opp lån på 175 mill. kr til finansiering av tunnelen.

Låneopptaket er gjort i form av 3 månaders sertifikatlån. Ein har hatt avtale med DNB om at banken fornyar lånet ved kvart forfall. Denne «rulleringsavtalen» går ut 25. september 2017.

Då avtalen vart fornya for eit år sidan, såg ein føre seg at Sørvest bomvegselskap AS ville vere klar til å ta over bompengeprojektet og låneforvaltninga innan september 2017. Men det har teke noko tid å få det nye regionale bompengeselskapet i drift. Fylkeskommunen må enno nokre månader utføre oppgåvene som bompengeselskap for Stordalstunnelen.

Ein vurderer det slik at avtalen om å la DNB rullere 3 månaders sertifikatlån har fungert godt.

Renta ein har fått på sertifikatlåna har vore slik siste året:

September 2016	1,17 %
Desember 2016	1,61 %
Mars 2017	1,16 %
Juni 2017	1,02 %

Fylkesrådmannen ser ikkje grunn til å endre praksis dei siste månadene før Sørvest bomvegselskap AS kan ta over. Fylkesrådmannen vil fornye rulleringsavtalen med DNB for inntil 1 år.

Rekneskapan for Stordalstunnelen er ikkje avslutta. Det står no ca. 25 mill. kr på bankkonto. Prognosen frå Statens vegvesen er at det står att å rekvirere ca. 5 mill. kr. Dermed er det rom for å starte nedbetaling av lånet. Om ein no betaler avdrag på 15 mill. kr, vil ein likevel ha ein reserve på 5 mill. kr ut over summen ein reknar med vil bli rekvirert.

Lånet kan reduserast til 160 mill. kr for den nye avtaleperioden.